

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
080/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Knarvik Senter AS - Søknad om støtte til digital utvikling og innovasjon - Knarvik Senter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om støtte til digital utvikling og innovasjon - Knarvik Senter blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 080/21 Vedtak:

Søknad om støtte til digital utvikling og innovasjon - Knarvik Senter blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Knarvik Senter AS er eit aksjeselskap. Bransje: 68.320 Eiendomsforvaltning. Registrert: 20.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Driftsselskapet har ansvar for drift, marknadsføring og vedlikehald av fellesareal i Knarvik Senter - etter avtale med Knarvik Senterforening. Det siste året med ulike koronarestriksjonar har bydd på mange kvardagsutfordringar for Knarvik Senter, men også nye moglegheiter. Nødvendigheita for å kommunisere og ha gode digitale løysingar er tydelegare enn nokon gong. Det gjeld både intern kommunikasjon mellom senterkontor og dei tilsette i butikkane, men også ekstern kommunikasjon og marknadsføring ut mot kundane til senteret.

Om prosjektet

Knarvik Senter AS søker om støtte til digital omstilling og kompetanseutvikling - herunder støtte til utvikling av ny SenterApp for intern digital kommunikasjon; innkjøp av digitalt utstyr som Mac til videoredigering, filmkamera og lydutstyr til filmopptak, programvare til videoredigering og utstyr til å gjennomføre digitale møte.

Prosjektleveranse/Målsetting

Appen vil nyttast som eit verktøy til rapportering av omsetningstal. Den vil også nyttast til kommunikasjon mellom administrasjon, butikkane og alle tilsette, og vil vere eit verktøy for å sende ut og innhente viktig informasjon meir effektivt. Dette gjeld til dømes påmeldingar til arrangement, møte, innsending av materiell og kvardagskommunikasjon. Appen blir også brukt til opplæring i rutinar innan brann og sikkerheit. SenterAppen vil også hjelpe til å få ut nødvendig informasjon til våre kundar meir effektivt. Appen er moderne, meir presis

og lettare å bruke enn våre noverande løysingar. All papirkommunikasjon blir i den nye appen erstatta med digital kommunikasjon og vil difor også vere eit miljøtiltak.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til digital utvikling og innovasjon - Knarvik Senter	230 000	115 000	30 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondets kriteriar ved at det viser til berekraftig næringsutvikling for særleg einiskilte grupper med særlege behov, samt at det skapar sysselsetting og kan hindra handelslekkasje.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Knarvik Senter AS_Utvikling_soknad-2021-0133_30 apr 2021	1574768
15.06.2021	21_Knarvik Senter AS_Utvikling_soknad-2021-0133_Vedlegg_30 apr 2021	1574770